

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam Ungdomsråd	24.11.2014	029/14	ANHE
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	24.11.2014	033/14	ANHE
Kvam arbeidsmiljøutval	24.11.2014	003/14	ANHE
Kvam formannskap	25.11.2014	070/14	ANHE
Kvam elderåd	28.11.2014	025/14	ANHE
Kvam heradsstyre	16.12.2014	110/14	ANHE

Avgjerd av: Saksh.: Anita Hesthamar	Arkiv: N-102 Objekt:	Arkivsaknr 14/859 - 12
------------------------------------------------------	---------------------------------------	----------------------------------

Kvam herad - Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018

Samandrag:

Budsjettet vart lagt fram av rådmannen i heradsstyret den 4. november 2014. Framlegget til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015-2018 vart delt ut.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek følgjande:

1. Hovudstrategi for Kvam herad

- a. Kvam herad skal i tillegg til lovpålagte oppgåver og servicetenester til innbyggjarane arbeida for vekst i folketalet, auka sysselsetjing og verdiskaping. For å auka interessa for Kvam herad som etableringsstad med bustadbygging og næringsverksemd, er arealdisponering og eit godt vegnett internt og ut av heradet viktig. Vidare skal Kvam herad vera ein ja-kommune, vera service- og løysningsorienterte og med fokus på positive haldningar i alt arbeid og i all kontakt utad. Kvam herad er i dag eit fleirkulturelt samfunn, som skal ha stort fokus på likestilling og integrering.
- b. Kvam herad skal ha ein sunn økonomi. Rådmannen skal arbeida for å minimera utgifter og maksimera inntekter for lovpålagde tenester og andre tenester som vert prioritert av Kvam heradsstyre. Servicenivået for ikkje-lovpålagde tenester skal vurderast som innsparingstiltak.
- c. Planarbeidet i 2015 skal utførast ihht vedteken planstrategi og -program.

2. Skatt på eige og inntekt

Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane.

3. Skattemargin

Avsetnad til skattemargin er 10%.

4. Eigedomsskatt 2015

- a) Med heimel for utskrivning i medhald av Eigedomsskattelova § 2 og 3, skal eigedomsskatten i 2015 gjelda heile heradet.
- b) Eigedomsskattesatsen i 2015 vert 7,0 promille i samsvar med eigedomsskattelova § 11, fyrste ledd.
- c) Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 3,5 promille.
- d) Botnfrådrag: Det vert ikkje gjeve botnfrådrag på bustaddelen i eigedomar/fritidseigedomar.
- e) Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for eigedomar som fell inn under § 7 a (Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten) og § 7 b (bygning som har historisk verdi).
- f) Nyoppført bygning som vert nytta til husvære vert etter søknad fritaken for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova i § 7 i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig eller heradsstyret endrar eller opphevar fritaket.
- g) Takstvedtekter for eigedomsskatt i Kvam herad vedteke i heradstyre 18.12.2012 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2015, jf. Eigedomsskattelova §10.

5. Låneopptak

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2015 er på 175 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2015.

6. Husbanklån

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 20,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).

7. Refinansiering

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.

8. Låneavdrag

Det skal betalast 30,2 mill.kr i avdrag i 2015. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålsteneleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

9. Trekkrett

I følge vedteken plasseringsstrategi for Kvam herad vert det vedteke å oppretthalde trekkrett i kontosystemet til Kvam herad. Trekkretten for 2015 skal vera på inntil 40 mill.kr.

10. Delegeringsreglement

Budsjettet for 2015 er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela ramma i samsvar med underliggjande dokumentet og tabellar. Prosjekt vert vedtekne i særskilde tabellar.

11. Justering av prosjekt i tid.

Rådmannen får fullmakt til å justera budsjetta for prosjekt i høve til endringar i tid.

12. Prisar og gebyr

Prisar og kommunale gebyr vert vedteke i samsvar med føresetnader i eiga sak.

13. Kjøp av eigedomar

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av eigedomar på inntil 4 mill.kr.

14. Krisesituasjonar

Rådmannen får fullmakt til å omdisponera ressursar for opp til 2 mill.kr som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.

15. Kraftinntekter

Heimfallsinntekter og sal av konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett for 2015, skal setjast av i eit kraftfond.

16. Oppbygging av disposisjonsfond

For å gjera økonomien til Kvam herad meir robust i møte med større, uventa endringar i kommuneøkonomien, skal kommunen byggja opp disposisjonsfond tilsvarande 4% av driftsutgiftene.

17. Vurderinga avgiftsområde

Rådmannen skal utgreia samanslåing av dei to avgiftsområda for VA; Kvam og Kvamskogen.

18. Flyktningar.

Kvam herad presiserer tidlegare vedtak om antal på 15 flyktingar pr. år til å innbefatta familiegjenforening.

19. Driftsbudsjett 2015-2018

Driftsbudsjettet vert vedtek i samsvar med tabellen nedanfor og underliggjande tabellar (tal i 1.000 kr)

DRIFTSINNTEKTER		Bud 15	Bud 16	Bud 17	Bud 18
LN03	Brukarbetalingar	23 330	23 330	23 330	23 330
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	45 968	56 219	58 219	58 719
LN05	Overføringar med krav til motyting	65 215	62 794	62 794	63 294
LN06	Rammetilskot frå staten	262 825	262 825	262 825	262 825
LN07	Andre statlege overføringar	36 899	36 899	36 899	36 899
LN08	Andre overføringar	11 628	8 578	8 578	8 578
LN09	Skatt på inntekt og formue	200 191	200 191	200 191	200 191
LN10	Eigedomsskatt	40 100	45 800	45 800	45 800
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	3 900	3 900	3 900	3 900
LN12	Sum driftsinntekter	690 056	700 536	702 536	703 536
DRIFTSUTGIFTER		Bud 15	Bud 16	Bud 17	Bud 18
LN14	Lønsutgifter	390 042	386 736	384 648	384 608
LN15	Sosiale utgifter	116 528	116 528	115 656	115 656
LN16	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	78 067	72 566	71 786	73 598
LN17	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	33 539	33 539	32 539	32 539
LN18	Overføringar	53 357	52 436	52 436	52 936
LN19	Avskrivningar	37 086	37 986	41 986	41 686
LN20	Fordelte utgifter	-2 155	-2 155	-2 155	-2 155
LN21	Sum driftsutgifter	706 464	697 636	696 896	698 868
LN23	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-16 408	2 900	5 640	4 668
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER		Bud 15	Bud 16	Bud 17	Bud 18
LN24	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	23 950	22 950	21 950	20 950
LN25	Gevinst finansielle instrumenter	100	100	100	100
LN26	Mottekne avdrag på lån	0	0	0	0
LN27	Sum eksterne finansinntekter	24 050	23 050	22 050	21 050
	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	24 005	26 605	26 905	26 405
LN28	finansutgifter	24 005	26 605	26 905	26 405
LN29	Tap finansielle instrumenter	200	200	200	200
LN30	Avdragsutgifter	30 200	31 200	31 500	30 350
LN32	Sum eksterne finansutgifter	54 405	58 005	58 605	56 955
	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	-30 355	-34 955	-36 555	-35 905
LN34	finansieringstransaksjoner	-30 355	-34 955	-36 555	-35 905
LN35	Motpost avskrivningar	37 086	37 986	41 986	41 686
LN36	NETTO DRIFTSRESULTAT	-9 677	5 931	11 071	10 449
AVSETNINGAR		Bud 15	Bud 16	Bud 17	Bud 18
	Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk	1 156	0	0	0
LN38	mindreforbruk	1 156	0	0	0
LN39	Bruk av disposisjonsfond	5 001	0	0	0
LN40	Bruk av bundne fond	27 453	26 978	26 878	28 778
LN42	Sum bruk av avsetningar	33 610	26 978	26 878	28 778
LN44	Overført til investeringsrekneskapet	0	0	0	0
LN46	Avsetningar disposisjonsfond	2 640	3 516	6 556	7 034
LN47	Avsetningar til bundne fond	21 293	29 393	31 393	32 193
LN49	Sum avsetningar	23 933	32 909	37 949	39 227
LN51	Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk	0	0	0	0

20. Rammeområde 2015

Budsjettet vert fordelt på rammeområde i samsvar med tabellen nedanfor, jfr. Økonomireglementet for Kvam herad (tal i 1.000 kr)

Tema (i 1000 kr)	Budsjett 2015	
	Br. utg. 2015	Netto utg 2015
Politisk verksemd	5 429	5 298
Adm. og fellesutgifter	46 675	38 508
Barnehagar	79 080	65 438
Grunnskule	162 234	145 077
Kommunehelse	37 342	29 639
Pleie- og omsorgstenesta	209 942	172 543
Sosialteneste og NAV	30 685	28 710
Barnevern	21 329	20 294
Bustader	13 033	-1 629
Plan	15 955	7 238
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	20 544	-11 396
Brann og ulykkesvern	9 505	7 506
Samferdsle og grøntanlegg	18 165	14 129
Vatn avløp og renovasjon/avfall	37 509	-5 500
Kultur	20 601	16 795
Kyrkje	5 278	5 261
Skatt og rammetilskot	0	-525 175
Finans	52 865	24 349
Motpost avskrivningar	0	-37 086
Sum	786 172	0

21. Investeringsbudsjett 2015-2018

Investeringsbudsjettet vert vedtek i samsvar med tabellen nedanfor og underliggjande tabellar (tal i 1.000 kr)

INVESTERINGSINNTEKTER		Bud 15	Bud 16	Bud 17	Bud 18
LN03	Sal av driftsmidler og fast eiendom	2 100	2 100	2 100	2 100
LN04	Andre salgsinntekter	0	0	0	0
LN05	Refusjoner	29 584	8 882	1 213	1 213
LN07	Andre overføringar	1 500	0	0	0
LN09	Sum inntekter	L	33 184	10 982	3 313
INVESTERINGSUTGIFTER					
LN11	Lønnsutgifter	176	176	176	176
LN12	Sosiale utgifter	65	65	65	65
LN13	Varer og tenester i kommunal eigenproduksjon	187 674	86 082	7 550	7 550
LN14	Kjøp av tenester som erstatter egenproduksjon	1 500	0	0	0
LN15	Overføringar	18 267	7 904	1 213	1 213
LN16	Renteutgifter og omkostningar	0	0	0	0
LN17	Fordelte utgifter	0	0	0	0
LN18	Sum utgifter	M	207 683	94 228	9 004
FINANSUTGIFTER					
LN19	Avdragsutgifter	2 000	2 000	2 000	2 000
LN20	Utlån	20 000	20 000	20 000	20 000
LN21	Kjøp av aksjer og andeler	1 700	1 700	1 700	1 700
LN22	Avsatt til ubundne investeringsfond	2 100	2 100	2 100	2 100
LN23	Avsetninger til bundne fond	3 764	0	0	0
LN25	Sum finanstransaksjonar	N	29 564	25 800	25 800
LN26	Finanseringsbehov	O=M+N-L	204 063	109 045	31 491
FINANSIERING					
LN28	Bruk av lån	176 073	103 332	25 581	25 581
LN29	Motteke avdrag på utlån	2 000	2 000	2 000	2 000
LN31	Overføringar fra driftsregnskapet	0	-500	0	0
LN32	Bruk av disposisjonsfond	0	-197	0	0
LN33	Bruk av ubundne investeringsfond	16 520	3 910	3 910	3 910
LN34	Bruk av bundne fond	9 470	500	0	0
LN36	Sum finansiering	R	204 063	109 045	31 491
LN38	Udekket/udisponert		0	0	0

24.11.2014 Kvam arbeidsmiljøutval

Framlegg frå Rønnaug Bergesen, sjukepleiarforbundet:

AMU er bekymra for auka arbeidsmengde i pleie- og omsorg utan at dette medfører auke i grunnbemanning. Grunnbemanninga i pleie- og omsorg må aukast slik at dette kan avhjelpe på situasjonen.

Røysting:

Framlegget frå Rønnaug Bergesen, sjukepleiarforbundet vart vedteke.

AMU-003/14 Uttale:

AMU er bekymra for auka arbeidsmengde i pleie- og omsorg utan at dette medfører auke i grunnbemanning. Grunnbemanninga i pleie- og omsorg må aukast slik at dette kan avhjelpe på situasjonen.

24.11.2014 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspt.:

Kommunen bør på sikt auke antal langtidssjukeplassar med 8-9 senger.

Røysting:

Det vart samrøystes vedteke at RPNF tar rådmannen sitt framlegg med tilleggspt. til vitande

RPNF-033/14 Tilråding:

RPNF tar rådmannen sitt framlegg til vitande med tilleggspt.: Kommunen bør på sikt auke antal langtidssjukeplassar med 8-9 senger.

28.11.2014 Kvam eldreråd

Kvam eldreråd ser med uro på den forverra situasjonen innan pleie og omsorgstenesta.

Grunnbemanninga er knapp både i heimetenesta og i rehabilitets- og behandlingsavdelinga.

Det er ventelister både på institusjonsplassar og for omsorgsbustad.

Rehabiliteringsavdelinga klarar ikkje å ta i mot ferdigbehandla pasientar frå sjukehusa, det medfører auka utgifter for heradet og avdelinga fungerer ikkje slik den var tenkt.

Kvam heradsstyre kan ikkje lenger venta på at helse og omsorgsplanen vert ferdig.

Det må handlast NO.

Framlegg til tilråding:

Tilråding frå FSK

Røysting:

Samrøystes tilrådd

KER-025/14 Vedtak:

Tilråding frå FSK

25.11.2014 Kvam formannskap**Framlegg frå H, V og Frp:**

Endringar/tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg til budsjett 2015.

Drift;**A) Driftsbudsjett 2015 – Helse og Omsorg:**

Den pressa situasjonen i eininga Helse og Omsorg gjer det nødvendig med ei omprioritering. Eininga vert tilført kr. 3 mill. finansiert ved hjelp av eit generelt rammekutt på dei andre einingane på ca. 0,5 %.

Rådmannen får mynde til å disponera dei ekstra midlane på best mogleg måte for pasientane, og skal presentera bruken / resultatet i framlegging av fyrste tertialrapport.

Eigedomsskatt:

Nytt pkt. 4h); Økonomiplan 2015 – 2018 skal setjast opp utan auke i eigedomsskattesatsen.

B) Helse og Omsorg – mangel på institusjonsplassar og omsorgsbustader

1. Heradstyret ber rådmannen snarast koma attende med sak om auka kapasitet t.d. ved kjøp/leige og drift av modulbygg, for å avhjelpa det akutte plassbehovet i pleiesektoren.

2. Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye institusjonsplassar i Helse og omsorg, basert på noverande behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

3. Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye omsorgsbustader basert på noverande behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

C) Nærings- og bustadtomter

Heradet må igjen få ein portal som til ei kvar tid viser kva tomter som er til sals (lenke til private tomter, både til næring og bustader, må gjerast godt synleg) - Ref. budsjettvedtak 2014.

Prosjekt:

A) Skytebane Vangdalsåsen

Kvam heradsstyre vedtek å utvida ramma med kr. 3 mill. til totalt kr. 13 mill. på prosjekt P70131 Skytebane Vangdalsåsen. Midlane vert tildelt på følgjande vilkår:

- Kr. 1,2 mill. er risikoavsetning i prosjektet. Evt. ubrukt avsetning kjem til frådrag på løyvinga.
- Skytebanenemnda skal søkja om meirverdiavgiftskompensasjon for opparbeiding av felles infrastruktur og grunnarbeid.
- Evt. mva. kompensasjon kjem til frådrag på løyvinga.

Den ekstra løyvinga vert finansiert med Bustadfeltfond, konto 25360003.

B) Damvegen.

Damvegen får eit tilskot på inntil kr. 2,5 mill. finansiert frå fond Mastekompensasjon.

C) Hardanger fartøyvernssenter

Hardanger og Voss museum får eit tilskot til ny publikumsinngang ved Hardanger Fartøyvernssenter på kr. 2 mill. finansiert frå Næringsfondet. Føresetnad for tilskotet er at prosjektet vert fullfinansiert.

D) Utbetring av Melstveitvegen

Melstveitvegen vert utbetra for tømmertransport med trailer, og får tilført kr. 2,2 mill. finansiert frå kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift.

E) Tour de Fjords

Tour de Fjords søknad om støtte for start i Kvam vert innvilga med kr. 150.000,-, med føresetnad av at Hardangerrådet finansierer same sum. Ref. tilsvarande vedtak i Ulvik. Støtta ver finansiert frå næringsfondet.

F) Kinck jubileum

Jubileum vert støtta med kr. 150.000 finansiert med fondsmidlar.

G) Ingebrigt Vik jubileum

Jubileum vert støtta med kr. 150.000 i 2016 finansiert med fondsmidlar.

H) Forskotering kunstgrasbane i Tørvikbygd

Det blir gitt forskotering på spelemidlar med kr. 330.000 finansiert med fondsmidlar.

Budsjettramlegg 2015 - 2018			2015	2016	2017	2018
- tab. til tekstdel fremma av H/Frp/V						
Rådm. Framlegg disp. fond			2640	3516	6556	7034
Endringar	Finansiering					
Driftsbudsjett 2015 – Helse og Omsorg:	Drift		-3000			
Skytebane Vangdalsåsen	Bustadfond	3000				
Damvegen	Fond Mastekomp.	2500				
Hardanger fartøyvernseier	Næringsfond	2000				
Utbetring av Melstveitvegen	Komp.midlar arb.g.avg.	2200				
Tour de Fjords	Næringsfond	150				
Kinck jubileum	Fondsmidlar	150				
Ingebrigt Vik jubileum	Fondsmidlar	150				
Forskottering kunstgrasbane i Tørvikbygd	Fondsmidlar	3300				
Eigedomsskatt - frysast på 3,5 promille				-5700	-5700	-5700
Ta ned drift			3000	4500	5000	5000
Til disp. fond			2640	2316	5856	6334

Fellesframlegg frå SP, KTL, SV, KRF:

FSK-070/14 Tilråding:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endringar /tilleggspunkt:

Helse og Omsorg:

Den pressa situasjonen i eining helse og omsorg gjer det nødvendig med ei auke i ramma til sektoren på kr 3,5 mill. for at tenesta skal fungera tilfredstillande. Rådmannen vert bedt om å avhjelpe den akutte mangelen på plassar i sektoren, eventuelt ved å leige nødvendig kapasitet i nabokommunane.

Heradsstyret ber rådmannen snarast koma tilbake med sak, for å avhjelpe plassbehovet i sektoren. Til dømes ved bruk av modulbygg.

Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye institusjonsplasser i helse og omsorg basert på noverande behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye omsorgsbustader basert på behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

Vedlikehald:

Heradsstyret løyver ei auke i ramma til vedlikehald kommunale bygg med kr 500.000,-

Eigedomsskatt:

Pkt. 4c: Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen(skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 4 promille.

Prosjekt :

Skytebane Vangdalsåsen:

Kvam heradsstyre vedtek å utvida ramma med kr. 3 mill. til totalt kr. 13 mill. på prosjekt P70131 Skytebane Vangdalsåsen. Midlane vert tildelt på følgjande vilkår:

- Kr. 1,2 mill. er risikoavsetning i prosjektet. Event. ubrukt avsetning kjem til frådrag på løyvinga.
- Skytebanenemnda skal søkja om meirverdiavgiftskompensasjon for opparbeiding av felles infrastruktur og grunnarbeid.
- Event. mva. kompensasjon kjem til frådrag på løyvinga.

Den ekstra løyvinga vert finansiert med Bustadfeltfond, konto 25360003.

Damvegen.

Damvegen får eit tilskot på inntil kr 2,5 mill. finansiert frå mastekompensasjonsfondet.

Utbetring av Melstveitvegen

Melstveitvegen vert utbedra for transport av tømmer med trailer, og får kr 2,2 mill. finansiert med kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevar avgift.

Tour De Fjords

Tour de Fjords søknad om støtte for start i Kvam vert innvilga med kr 150.000,- med føresetnad av at hardangerrådet eventuelt andre, finansierer resten.

Kinck Jubileum

Jubileet vert støtta med kr 100,000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Ingebrigt Vik Jubileum

Jubileet vert støtta med kr 100,000 i 2016 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Forskotering Kunstgrasbane i Tørvikbygd.

Det blir gitt forskotering på spelemiddlar med kr 330.000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Hardanger Fartøyvernsenter

Hardanger og Voss museum får eit tilskot til ny publikumsinngang ved Hardanger Fartøyvernsenter på kr. 2 mill. kr. finansiert frå Næringsfondet. Vilkår er at prosjektet vert fullfinansiert.

Budsjettframlegg 2015 - 2018

	2 015	2 016	2 017	2 018
Til disp.fond i rådmannens budsjettframlegg	2 640	3 516	6 556	7 034
Endringsframlegg:				
Auka ramme for Helse og omsorg	(3500)			
Melstveitvegen	(2200)			
Skytebanen	(3000)			
Kinck jubileum/Ingebrikt Vik jubileum	(100)	(100)		
Fartøyvernsester	(2000)			
Damveien	(2500)			
Tour de Fjords	(150)			
Vedlikehold kommunale bygg	(500)			
Forskotering kunstgras i Tørvikbygd	(330)			
Auka forbruk utover rådmannen sitt framlegg	(14 280)	(100)	-	-
Finansiering:				
Bustadfeltfondet	3 000			
Kompensasjonsfondet	2 200			
Næringsfondet	2 000			
Mastekomp/Ameniteter	2 500			
Eigedomsskatt auka til 4 promille	5 700			
Ta ned drifta		2 000	2 500	3 500
Bruk av disposisjonsfond	580	100		
Sum nye inntekter/kutt i drift	15 980	2 100	2 500	3 500
Til disp.fond i framlegget	4 340	5 516	9 056	10 534

Saksordførar: Borghild Storaas Ones, Ap

Røysting:

Sp, KTL, Krf og SV sitt framlegg fekk 6 røyester og vart vedteke.

H, V og Frp sitt framlegg fekk 3 røyster og fall.

FSK-070/14 Tilråding:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endringar /tilleggspunkt:

Helse og Omsorg:

Den pressa situasjonen i eining helse og omsorg gjer det nødvendig med ei auke i ramma til sektoren på kr 3,5 mill. for at tenesta skal fungera tilfredstillande. Rådmannen vert bedt om å avhjelpe den akutte mangelen på plassar i sektoren, eventuelt ved å leige nødvendig kapasitet i nabokommunane.

Heradsstyret ber rådmannen snarast koma tilbake med sak, for å avhjelpe plassbehovet i sektoren. Til dømes ved bruk av modulbygg.

Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye institusjonsplasser i helse og omsorg basert på noverande behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye omsorgsbustader basert på behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

Vedlikehald:

Heradsstyret løyver ei auke i ramma til vedlikehald kommunale bygg med kr 500.000,-

Eigedomsskatt:

Pkt. 4c: Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen(skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 4 promille.

Prosjekt :

Skytebane Vangdalsåsen:

Kvam heradsstyre vedtek å utvida ramma med kr. 3 mill. til totalt kr. 13 mill. på prosjekt P70131 Skytebane Vangdalsåsen. Midlane vert tildelt på følgjande vilkår:

- Kr. 1,2 mill. er risikoavsetning i prosjektet. Event. ubrukt avsetning kjem til frådrag på løyvinga.
- Skytebanenemnda skal søkja om meirverdiavgiftskompensasjon for opparbeiding av felles infrastruktur og grunnarbeid.
- Event. mva. kompensasjon kjem til frådrag på løyvinga.

Den ekstra løyvinga vert finansiert med Bustadfeltfond, konto 25360003.

Damvegen.

Damvegen får eit tilskot på inntil kr 2,5 mill. finansiert frå mastekompensasjonsfondet.

Utbetring av Melstveitvegen

Melstveitvegen vert utbedra for transport av tømmer med trailer, og får kr 2,2 mill. finansiert med kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevar avgift.

Tour De Fjords

Tour de Fjords søknad om støtte for start i Kvam vert innvilga med kr 150.000,- med føresetnad av at hardangerrådet eventuelt andre, finansierer resten.

Kinck Jubileum

Jubileet vert støtta med kr 100,000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Ingebrigt Vik Jubileum

Jubileet vert støtta med kr 100,000 i 2016 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Forskotering Kunstgrasbane i Tørvikbygd.

Det blir gitt forskotering på spelemiddlar med kr 330.000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Hardanger Fartøyvernssenter

Hardanger og Voss museum får eit tilskot til ny publikumsinngang ved Hardanger Fartøyvernssenter på kr. 2 mill. kr. finansiert frå Næringsfondet. Vilkåret er at prosjektet vert fullfinansiert.

Budsjettframlegg 2015 - 2018

	2 015	2 016	2 017	2 018
Til disp.fond i rådmannens budsjettframlegg	2 640	3 516	6 556	7 034
Endringsframlegg:				
Auka ramme for Helse og omsorg	(3500)			
Melstveitvegen	(2200)			
Skytebanen	(3000)			
Kinck jubileum/Ingebrikt Vik jubileum	(100)	(100)		
Fartøyvernssenter	(2000)			
Damveien	(2500)			
Tour de Fjords	(150)			
Vedlikehald kommunale bygg	(500)			

Forskotering kunstgras i
Tørvikbygd (330)

Auka forbruk utover rådmannen sitt framlegg	(14 280)	(100)	-	-
--------------------------------------------------------	-----------------	--------------	---	---

Finansiering:

Bustadfeltfondet	3 000			
Kompensasjonsfondet	2 200			
Næringsfondet	2 000			
Mastekomp/Ameniteter	2 500			
Eigedomsskatt auka til 4 promille	5 700			
Ta ned drifta		2 000	2 500	3 500
Bruk av disposisjonsfond	580	100		
Sum nye inntekter/kutt i drift	15 980	2 100	2 500	3 500
Til disp.fond i framlegget	4 340	5 516	9 056	10 534

Saksordførar: Borghild Storaas Ones, Ap

24.11.2014 Kvam Ungdomsråd

Framlegg om tillegg frå Carl Sander McClellan Steine: Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg: Drifta av Kvam Kino vert vurdert driven på dugnad som ein del av ungdomsarbeidet.

Framlegg om tillegg frå Ingrid Jåstad:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg:

Kvam URÅD ønskjer at det skal fokuserast meir på eldreomsorga i Kvam herad, særleg når det gjeld sengeplassar og bustadar for dei eldre i tida framover.

Røysting :

Carl Sander McClellan Steine sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Ingrid Jåstad sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke mot ei røyst.

URÅD-029/14 Uttale:

Kvam URÅD støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegspunkt:

16.12.2014 Kvam heradsstyre

16.12.2014 Kvam heradsstyre

Spørsmål om habilitet:

Bjørgulv Hauger, Frp stilte spm. om han var inhabil i saka viste til at far og bror sit i styret for veglaget (Damvegen) samt at far hans eig hytte i Ålvikfjellet. I tillegg viste han til at han sjølv sit i eigarstyret for Hardanger Fartøyvernsenter på vegner av dei gamle partseigarane.

Framlegg frå Ordførar Asbjørn Tolo

Bjørgulv Hauger, Frp er habil i saka jamf. Fvl. 6 2. ledd.

Røysting:

Ordførar sitt framlegg vart samrøystes vedteke med 26 røyster.

Vedtak vedk. habilitet:

Bjørgulv Hauger, Frp er habil i saka jamf. Fvl. 6 2. ledd.

Fellesframlegg frå SP, AP, Krf, SV, KTL sett fram av Herleif Tveit, Sp:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endringar /tilleggpunkt:

Helse og Omsorg:

Den pressa situasjonen i eining helse og omsorg gjer det nødvendig med ei auke i ramma til sektoren på kr 3,0 mill. for at tenesta skal fungera tilfredstillande. Rådmannen vert bedt om å avhjelpe den akutte mangelen på plassar i sektoren, eventuelt ved å leige nødvendig kapasitet i nabokommunane.

Heradsstyret ber rådmannen snarast koma tilbake med sak, for å auka kapasiteten i sektoren. Til dømes ved bruk av modulbygg.

Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye institusjonsplasser i helse og omsorg basert på noverande behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye omsorgsbustader basert på behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

Eigedomsskatt:

Pkt. 4c: Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen(skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 4 promille.

Prosjekt :

Skytebane Vangdalsåsen:

Kvam heradsstyre vedtek å utvida ramma med kr. 3 mill. til totalt kr. 13 mill. på prosjekt P70131 Skytebane Vangdalsåsen. Midlane vert tildelt på følgjande vilkår:

- Kr. 1,2 mill. er risikoavsetning i prosjektet. Evt. ubrukt avsetning kjem til frådrag på løyvinga.
- Skytebanenemnda skal søkja om meirverdiavgiftskompensasjon for opparbeiding av felles infrastruktur og grunnarbeid.
- Evt. mva. kompensasjon kjem til frådrag på løyvinga.

Den ekstra løyvinga vert finansiert med Bustadfeltfond, konto 25360003.

Damvegen.

Damvegen får eit tilskot på inntil kr 2,5 mill. finansiert frå mastekompensasjonsfondet. Det er ein føresetnad at Damvegen vert tilgjengelig for ålmenta og at skogsvegen i Ytre Ålvik får rett av Damveglaget til å kobla seg på Damvegen.

Utbetring av Melstveitvegen

Melstveitvegen vert utbedra for transport av tømmer med trailer, og får kr 2,2 mill. finansiert med kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevar avgift, mellombels lånt av næringsfond.

Tour De Fjords

Tour de Fjords søknad om støtte for start i Kvam vert innvilga med kr 150.000,- med føresetnad av at hardangerrådet eventuelt andre, finansierer resten. Kvam herad sin del vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Kinck Jubileum

Jubileet vert støtta med kr 100,000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Ingebrigt Vik Jubileum

Jubileet vert støtta med kr 100,000 i 2016 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Forskotering Kunstgrasbane i Tørvikbygd.

Det blir gitt forskotering på spelemiddlar med kr 330.000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Hardanger Fartøyvernssenter

Hardanger og Voss museum får eit tilskot til ny publikumsinngang ved Hardanger Fartøyvernssenter på kr. 2 mill. kr. finansiert frå Næringsfondet. Vilåret er at prosjektet vert gjennomført.

Strandebarm skule/Kvam ungdomskule

Ferdigstilling av uteområdet og tribuneanlegget(inkl. Trapp og branndør) ved Strandebarm skule. Innkjøp og montering av el.dørøpnarar ved Kvam ungdomskule. Kostnad er berekna til kr. 400.000,- som vert lånefinansiert.

Ta ned drifta(generelle innsparingar)

I samband med 1.tertial 2015 skal rådmannen leggja fram utkast til økonomiplan 2016-2019 med hovudoversikt fordelt på rammeområde. Denne skal syna korleis dei generelle innsparingane i økonomiplan 2016-2019 skal løysast.

Budsjettframlegg 2015 – 2018

Driftsbudsjett

	2 015	2 016	2 017	2 018
Til disp.fond i rådmannens budsjettframlegg	3 640	1 716	6 556	7 034
Endringsframlegg:				
Auka ramme for Helse og omsorg	(3 000)			
Kinck jubileum/Ingebrigt Vik jubileum	(100)	(100)		
Tour de Fjords	(150)			
Forskottering kunstgras i Tørvikbygd	(330)			
Fartøyvernseier	(2 000)			
Damveien	(2 500)			
Auka forbruk utover rådmannen sitt framlegg	(8 080)	(100)	-	-
Finansiering:				
Eiendomskatt auka til 4 promille	2 900			
Ta ned drifta		2 000	2 500	3 500
Bruk av disposisjonsfond	580	100		
Næringsfondet	2 000			
Mastekomp/Ameniteter	2 500			
Sum nye inntekter/kutt i drift	7 980	2 100	2 500	3 500
Til disp.fond i framlegget	3 540	3 716	9 056	10 534

Investeringsbudsjett	2 015	2 016	2 017	2 018
Endringsframlegg:				
Ferdigstilling Strandebarm skule(uteområde og tribuneanlegget inkl.trapp/dør idrettshall) og el.døråpnar i Kvam u.skule	(400)			
Melstveitveien	(2 200)			
Skytebanen	(3 000)			
Auka investering utover rådmannen sitt framlegg	(5 600)	-	-	-
Finansiering:				
Bustadfeltfondet	3 000			
Kompensasjonsfondet	2 200			
Lånefinansiering	400			
Sum finansiering	5 600	-	-	-
Netto vedr. Investeringane	-	-	-	-

**Fellesframlegg frå H, Frp, V sett fram av Bjarne Mo, H:
Forslag til endringar/tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg til budsjett 2015.**

Drift;

Helse og Omsorg – mangel på institusjonsplassar og omsorgsbustader

1. Heradstyret ber rådmannen snarast koma attende med sak om auka kapasitet t.d. ved kjøp/leige og drift av modulbygg, for å avhjelpa det akutte plassbehovet i pleiesektoren.

2. Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye institusjonsplassar og omsorgsbustader i Helse og omsorg knytt til Toloheimen og/eller Øysteseheimen, basert på noverande behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam. Saka skal innehalda konkrete forslag på erverv av areal, bygningsmessige løysingar og finansiering.

Helse og Omsorg :

Den pressa situasjonen i rammeområde Helse og Omsorg gjer det nødvendig med ei omprioritering, og rammeområdet vert tilført kr. 3 mill.

Rådmannen får mynde til å disponera dei ekstra midlane på best mogleg måte for pasientane, og skal presentera bruken / resultatet i framlegging av fyrste tertialrapport 2015.

Driftsbudsjett 2015:

Heradstyre skal utnemna eit utval bestående av rådmann, ordførar og 2 politikarar, som har som oppgåve å gjennomgå alle sider av drift i heradet med formål å optimalisera drift og redusera dei totale kostnadane. Resultatet av arbeidet skal føreliggja /presenterast i samband med framlegging av fyrste tertialrapport 2015.

Eigedomsskatt:

Nytt pkt. 4h); Økonomiplan 2015 – 2018 skal setjast opp utan auke i eigedomsskattesatsen.

Nærings- og boligtomter

Heradet må igjen få ein portal som til ei kvar tid viser kva tomter som er til sals (lenke til private tomter, både til næring og bustader, må gjerast godt synleg) - Ref. budsjettvedtak 2014.

Prosjekt:

A) Skytebane Vangdalsåsen

Kvam heradsstyre vedtek å utvida ramma med kr. 3 mill. til totalt kr. 13 mill. på prosjekt P70131 Skytebane Vangdalsåsen. Midlane vert tildelt på følgjande vilkår:

- Kr. 1,2 mill. er risikoavsetning i prosjektet. Evt. ubrukt avsetning kjem til frådrag på løyvinga.
- Skytebanenemnda skal søkja om meirverdiavgiftskompensasjon for opparbeiding av felles infrastruktur og grunnarbeid.
- Evt. mva.kompensasjon kjem til frådrag på løyvinga.

Den ekstra løyvinga vert finansiert med Bustadfeltfond, konto 25360003.

B) Damvegen.

Damvegen får eit tilskot på inntil kr. 2,5 mill. finansiert frå fond Mastekompensasjon.

C) Hardanger fartøyvernssenter

Hardanger og Voss museum får eit tilskot til ny publikumsinngang ved Hardanger Fartøyvernssenter på kr. 2 mill finansiert frå Næringsfondet.

D) Utbetring av Melstveitvegen

Melstveitvegen vert utbetra for tømmertransport med trailer, og får kr. 2,2 mill. finansiert frå kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift, mellombels lånt av næringsfond.

E) Tour de Fjords

Tour de Fjords søknad om støtte for start i Kvam vert innvilga med kr. 150.000,-, forutsatt at Hardangerrådet finansierer tilsvarande. Støtten vert finansiert frå næringsfond

F) Kinck jubileum

Jubileum vert støtta med kr. 150.000 finansiert med fondsmidlar.

G) Ingebrigt Vik jubileum

Jubileum vert støtta med kr. 150.000 i 2016 finansiert med fondsmidlar.

H) Forskottering kunstgrasbane i Tørvikbygd

Det blir gitt forskottering på spelemidlar med kr. 330.000 finansiert med fondsmidlar.

Budsjetframlegg 2015 - 2018		2015	2016	2017
- tab. til tekstdel fremma av H/Frp/V				
Rådm. Framlegg disp. fond		3640	1716	6500
Endringar	Finansiering			
Driftsbudsjett 2015 – Helse og Omsorg:	Auka kostnad	-3000		

Skytebane Vangdalsåsen	Bustadfond	3000			
Damvegen	Fond Mastekomp.	2500			
Hardanger fartøyvernseier	Næringsfond	2000			
Utbetring av Melstveitvegen	Komp.midlar arb.g.avg.	2200			
Tour de Fjords	Næringsfond	150			
Kinck jubileum	Fondsmidlar	150			
Ingebrigt Vik jubileum	Fondsmidlar	150			
Forskottering kunstgrasbane i Tørvikbygd	Fondsmidlar	330			
Eigedomsskatt - frysast på 3,5 promille				-2850	-2850
Optimalisera drift / redusera kostnader			2000	3000	3000
Til disp. fond			2640	1866	6706

Røysting:

Fellesframlegg frå Sp, Ap, Krf, SV og KTL vart sett opp mot fellesframlegget til H, Frp og V.

Fellesframlegget frå Sp, Ap, SV og KTL fekk 18 røyster og vart vedteke. Fellesframlegget frå H, Frp og V fekk 9 røyster og fall.

HST-110/14 Vedtak:

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endringar /tilleggspunkt:

Helse og Omsorg:

Den pressa situasjonen i eining helse og omsorg gjer det nødvendig med ei auke i ramma til sektoren på kr 3,0 mill. for at tenesta skal fungera tilfredstillande. Rådmannen vert bedt om å avhjelpe den akutte mangelen på plassar i sektoren, eventuelt ved å leige nødvendig kapasitet i nabokommunane.

Heradsstyret ber rådmannen snarast koma tilbake med sak, for å auka kapasiteten i sektoren. Til dømes ved bruk av modulbygg.

Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye institusjonsplasser i helse og omsorg basert på noverande behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

Rådmannen må leggja fram sak om oppretting av nye omsorgsbustader basert på behov og framtidig demografisk utvikling i Kvam.

Eigedomsskatt:

Pkt. 4c: Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen(skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 4 promille.

Prosjekt :

Skytebane Vangdalsåsen:

Kvam heradsstyre vedtek å utvida ramma med kr. 3 mill. til totalt kr. 13 mill. på prosjekt P70131 Skytebane Vangdalsåsen. Midlane vert tildelt på følgjande vilkår:

- Kr. 1,2 mill. er risikoavsetning i prosjektet. Evt. ubrukt avsetning kjem til frådrag på løyvinga.
- Skytebanenemnda skal søkja om meirverdiavgiftskompensasjon for opparbeiding av felles infrastruktur og grunnarbeid.
- Evt. mva. kompensasjon kjem til frådrag på løyvinga.

Den ekstra løyvinga vert finansiert med Bustadfeltfond, konto 25360003.

Damvegen.

Damvegen får eit tilskot på inntil kr 2,5 mill. finansiert frå mastekompensasjonsfondet. Det er ein føresetnad at Damvegen vert tilgjengelig for ålmenta og at skogsvegen i Ytre Ålvik får rett av Damveglaget til å kobla seg på Damvegen.

Utbetring av Melstveitvegen

Melstveitvegen vert utbedra for transport av tømmer med trailer, og får kr 2,2 mill. finansiert med kompensasjonsmidlar for arbeidsgjevar avgift, mellombels lånt av næringsfond.

Tour De Fjords

Tour de Fjords søknad om støtte for start i Kvam vert innvilga med kr 150.000,- med føresetnad av at hardangerrådet eventuelt andre, finansierer resten. Kvam herad sin del vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Kinck Jubileum

Jubileet vert støtta med kr 100,000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Ingebrigt Vik Jubileum

Jubileet vert støtta med kr 100,000 i 2016 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Forskotering Kunstgrasbane i Tørvikbygd.

Det blir gitt forskotering på spelemiddlar med kr 330.000 finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Hardanger Fartøyvernssenter

Hardanger og Voss museum får eit tilskot til ny publikumsinngang ved Hardanger Fartøyvernssenter på kr. 2 mill. kr. finansiert frå Næringsfondet. Vilkår er at prosjektet vert gjennomført.

Strandebarm skule/Kvam ungdomskule

Ferdigstilling av uteområdet og tribuneanlegget(inkl. Trapp og branndør) ved Strandebarm skule. Innkjøp og montering av el.dørøpnarar ved Kvam ungdomskule. Kostnad er berekna til kr. 400.000,- som vert lånefinansiert.

Ta ned drifta(generelle innsparingar)

I samband med 1.tertial 2015 skal rådmannen leggja fram utkast til økonomiplan 2016-2019 med hovudoversikt fordelt på rammeområde. Denne skal syna korleis dei generelle innsparingane i økonomiplan 2016-2019 skal løysast.

Budsjettframlegg 2015 – 2018

Driftsbudsjett

	2 015	2 016	2 017
Til disp.fond i rådmannens budsjettframlegg	3 640	1 716	6 550
Endringsframlegg:			
Auka ramme for Helse og omsorg	(3 000)		
Kinck jubileum/Ingebrigt Vik jubileum	(100)	(100)	
Tour de Fjords	(150)		
Forskottering kunstgras i Tørvikbygd	(330)		
Fartøyvernssenter	(2 000)		
Damveien	(2 500)		
Auka forbruk utover rådmannen sitt framlegg	(8 080)	(100)	-
Finansiering:			

Eiendomskatt auka til 4 promille	2 900		
Ta ned drifta		2 000	2 500
Bruk av disposisjonsfond	580	100	
Næringsfondet	2 000		
Mastekomp/Ameniteter	2 500		
Sum nye inntekter/kutt i drift	7 980	2 100	2 500
Til disp.fond i framlegget	3 540	3 716	9 056
Investeringsbudsjett			
	2 015	2 016	2 017
Endringsframlegg:			
Ferdigstilling Strandebarm skule(uteområde og tribuneanlegget inkl.trapp/dør idrettshall) og el.døråpnar i Kvam u.skule	(400)		
Melstveitveien	(2 200)		
Skytebanen	(3 000)		
Auka investering utover rådmannen sitt framlegg	(5 600)	-	-
Finansiering:			
Bustadfeltfondet	3 000		
Kompensasjonsfondet	2 200		
Lånefinansiering	400		
Sum finansiering	5 600	-	-
Netto vedr. Investeringane	-	-	-

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Dok.dato	Tittel	
05.11.2014	Kvam herad - Budsjett 2015 - Økonomiplan 2015-2018	